

MOTTATT

03 NOV 2014

Ørskog sokneråd

Kyrkjeterget

6240 Sjøholt

29. oktober 2014

Det kongelige kulturdepartement

Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

### **Høyringsvar: Staten og den norske kirke – et tydelig skille**

Ørskog sokneråd vel å uttale seg om nokre av spørsmåla i høyringa utfrå dei erfaringar vi lokalt har i vårt prosti.

#### **Kapittel 3: Forholdet mellom lokalt sjølvstyre og styring på regionalt og nasjonalt nivå**

Ørskog sokneråd meiner at den noverande fordeling av oppgåver og mynde mellom dei ulike nivåa og organa i første omgang bør vidareførast, men at det bør vurderast justeringar som styrkjer den lokale kyrkje.

Soknerådet meiner det i valgordningane til bispedømmeråd bør vere lagt til rette for brei representasjon. Fleirtalet i soknerådet meiner at ein med direkte valg til bispedømmeråd sikrar dette betre enn med ein kombinasjon av direkte og indirekte valg. Det blir enklare og mindre ressurskrevande å ha ein valgomgang enn å ha to omgangar. Mindretalet meiner ordninga med direkte og indirekte valg vil vere betre.

#### **Kapittel 4: Finansieringsform**

Ørskog sokneråd deler Kyrkjerådet si vurdering om at noverande finansieringsordning i hovudsak bør leggest til grunn i arbeidet med ny kyrkjeordning.

I ei tid med omorganisering er det viktig å halde fast på offentlig finansiering på dagens nivå, og det at denne finansieringa er delt mellom stat og kommune sikrar ein nær relasjon mellom kyrkje og kommune.

#### **Kapittel 5: Den lokale kirkes organisasjon og ledelse**

Ørskog sokneråd er samd i at soknet i også i framtida skal vere den grunnleggande eininga og at kvart sokn har sin eigen prest. Det er i soknet arbeidet med kyrkjelydsutvikling primært må skje. Storleiken på soknet bør vurderast etter kva som er tenleg for kyrkjelyden